

Stortinget



# STORTINGET

2015–2016





# Innhold

Føreord	<a href="#"><u>3</u></a>
Det 160. ordentlege storting blir opna	<a href="#"><u>4</u></a>
Stortingets presidentskap	<a href="#"><u>5</u></a>
Den utetterretta verksemda til presidentskapet	<a href="#"><u>6</u></a>
Den parlamentariske stillinga i sesjonen	<a href="#"><u>10</u></a>
Arbeidet i Stortinget – i tal	<a href="#"><u>12</u></a>
Sentrale saker i sesjonen	<a href="#"><u>15</u></a>
Verksemda i komiteane	<a href="#"><u>18</u></a>
Nasjonal institusjon for menneskerettar	<a href="#"><u>22</u></a>
Stortingets ansvarskommisjon	<a href="#"><u>22</u></a>
Internasjonalt samarbeid	<a href="#"><u>23</u></a>
Stortingsbygningen 150 år	<a href="#"><u>26</u></a>
Stortinget på nett	<a href="#"><u>33</u></a>
Formidlings- og undervisningstilbod	<a href="#"><u>34</u></a>
Byggje- og rehabiliteringsprosjekt	<a href="#"><u>37</u></a>
Stortingsadministrasjonen	<a href="#"><u>39</u></a>

# Føreord



Det 160. storting, det tredje storting i inneverande stortingsperiode, har vore prega av fleire dramatiske utviklingstrekk, både ute og heime.

I 2015 nådde flyktningstraumen til Europa Noreg i eit omfang ingen hadde føresett. Den historiske tilstrøyminga førte med seg to breie forlik i Stortinget hausten 2015 – asylforliket og integreringsforliket. Asylforliket, som inneheldt ei rekkje tiltak for å møte flyktningkrisa, vart vedteken av Stortinget 3. desember 2015. I etterkant vart ein også samde om tiltak for integrering av asylsøklarar. Integreringsforliket vart vedteke av Stortinget på nyåret i 2016.

Situasjonen kravde ekspresshandsaming av ein lovproposisjon på asylfeltet, og handsaminga skjedde i midten av november 2015. Ikkje sidan andre verdskrigen har Stortinget stått for ei slik hastehandsaming av ei lovsak.

Det største oljeprisfallet nokosinne har prega norsk økonomi, noko som særleg har ramma Sør- og Vestlandet. Stortinget har løyvd midlar til målretta tiltak for Sørlandet og Vestlandet, fyrst i samband med handsaminga av statsbudsjettet, deretter i revidert nasjonalbudsjett.

Stortingsbygningen fylte 150 år i 2016. Jubileet har gjeve publikum fleire sjansar til å oppleve meir av Stortinget enn i eit vanleg år, blant anna gjennom fleire store arrangement, i tillegg til omvisingar, utstillingar og byvandringar.

Torsdag 3. mars 2016 vart det halde ei markering av 150-årsjubileet for alle stortingsrepresentantar. Markeringa var før det ordinære stortingsmøtet. Programmet, som inneheldt tale og kunstnarlege innslag, framheva den viktigaste funksjonen stortingsbygningen har – som arbeidsrom og møteplass for dei folkevalde representantane.

stortingspresident Olemic Thommessen



Representantar under debatt i stortingssalen våren 2016: Harald T. Nesvik (FrP) (øvt til venstre), Elisabeth Røbekk Nørve (H), Kristin Ørmen Johnsen (H), Morten Wold (FrP), Tone Wilhelmsen Trøen (H), Sverre Myrli (A). (Foto: Stortinget / John Greiner Olsen)

# Det 160. ordentlege storting blir opna

Det 160. ordentlege storting kom saman og konstituerte seg torsdag 1. oktober 2015, i tråd med Grunnlova § 68: «Stortinget kjem som regel saman i hovudstaden den fyrste kvardagen i oktober kvart år.»

Dagen etter vart Stortinget høgtideleg opna av H.M. Kong Harald. Kongen las trontalen, og statsråd Torbjørn Røe Isaksen las opp talen om rikets tilstand og styring. Etter tradisjonen blir talen lesen på nynorsk av ein av medlemene av regjeringa, ofte den yngste, medan trontalen er skriven på bokmål.



*Til høgre: Stortingsdirektøren, Ida Børresen, tek imot det kongelege følget. (Foto: Stortinget / Morten Brakstad)*



*Frå den høgtidelege opninga av Stortinget 2. oktober 2015. (Foto: Stortinget / Morten Brakstad)*

# Stortingets presidentskap

Storingspresidenten har det høgste offentlege vervet i Noreg, og er nest etter Kongen i rang. Presidenten leier presidentskapet, som har til hovudoppgåve å leggje til rette arbeidet i Stortinget. I presidentskapet sit det også fem visepresidentar, som har same myndigheit som presidenten når dei leier møta i Stortinget. Presidentskapet blir valt for kvar stortingsssesjon.

## STORTINGSPRESIDENT

**Olemic Thommessen (H), Oppland.**

Storingsrepresentant frå 2001.

## VISEPRESIDENTAR

1. visepresident:

**Marit Nybakk (A), Oslo.** Storingsrepresentant frå 1986. Leiar av forsvarskomiteen 2001–2005. Tredje visepresident 2009–2013. President i Nordisk råd i 2013.

2. visepresident:

**Kenneth Svendsen (FrP), Nordland.**

Storingsrepresentant frå 1997.

3. visepresident:

**Svein Roald Hansen (A), Østfold.**

Storingsrepresentant frå 2001.

4. visepresident:

**Ingjerd Schou (H), Østfold.** Storingsrepresentant 2001–2005 og frå 2009. Statsråd i Sosialdepartementet 2001–2004.

5. visepresident:

**Line Henriette Hjemdal (KrF), Østfold.**

Storingsrepresentant frå 2005. Femte visepresident 2009–2011.



Presidentskapet 2015–2016: Frå venstre: Ingjerd Schou, Kenneth Svendsen, Olemic Thommessen, Marit Nybakk, Svein Roald Hansen og Line Henriette Hjemdal. (Foto: Stortinget / Terje Heiestad)

# Den utetterretta verksemda til presidentskapet

Presidentskapet har det øvste ansvaret for å planleggje og organisere den praktiske gjennomføringa av verksemda i Stortinget. Presidentskapet har også ei viktig oppgåve i å fremje kunnskap om Stortinget si rolle i vårt demokrati, ei oppgåve som dannar grunnlaget for mykje av den utetterretta verksemda deira.

Særleg stortingspresidenten møter på vegner av Stortinget grupper og personar frå ulike delar av samfunnet: offisielle delegasjonar, skuleelevar, minoritetar, frivillige organisasjonar, representantar for kulturlivet og eldsjeler. I møte på Stortinget og under besøk og arrangement rundt om i landet diskuterer stortingspresidenten demokratiske utfordringar, spesielt knytte til deltaking, tillit og inkludering.

Presidentskapet tok i 2015 initiativ til eit årleg arrangement for kommune- og fylkespolitikarar med innvandrarbakgrunn i samband med den internasjonale migrasjonsdagen 18. desember.

*Stortingspresidenten gjennomførte fylkesbesøk til Nord-Trøndelag og Telemark i sesjonen 2015–2016. Under begge besøka møtte han unge asylsøkjjarar. (Foto: Stortinget)*



*Femte visepresident Line Henriette Hjemdal held opningstale om demokratiske utfordringar på Lillestortinget på Lillestrøm vidaregående skole. (Foto: Michael Schult Ulriksen / Lillestrøm vgs.)*



*I samband med den internasjonale migrasjonsdagen 18. desember vart kommune- og fylkeskommunepolitikarar med innvandrarbakgrunn inviterte til fagleg program og mottaking på Stortinget. Arrangementet vart gjennomført i samarbeid med KS. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)*



Stortingens president Olemic Thommessen helsar barnetoget 17. mai frå stortingsbalkongen. (Foto: Stortinget / Peter Mydske)



Fyrste visepresident Marit Nybakk helsar på H.M. Kongen ved markeringa av Stortinget si gåve til kongeparet i høve regentjubileet: 2 millionar kroner øyremerkt utvikling av Kavalerbygningen ved Oscarshall slott til ein attraktiv arena for kultur og opplevingar for både born og vaksne. (Foto: Stortinget / Peter Mydske)



Under fylkesbesøket i Telemark august 2016 diskuterte stortingspresidenten samfunnsrolla kunsten har, med norske og internasjonale kunstnarar på Institutt for folkekultur på Høgskolen i Sørøst-Noreg. (Foto: Stortinget)





H.M. Kong Harald og stortingspresident Olemic Thommessen gjesta Sarpsborg i samband med 1000-årsjubileet for byen 29. juli 2016. Her på St. Maries plass med avduking av jubileumsskulpturen Genesis av kunstnar Finn Erik Modahl. (Foto: Stortinget / Peter Mydske)



Stortingspresident Olemic Thommessen og fyrste visepresident Marit Nybakk tok imot Kvartetten for nasjonal dialog frå Tunisia, som fekk Nobels fredspris 2015. (Foto: Stortinget)

# Den parlamentariske stillinga i sesjonen


## STYRKEFORHOLDET MELLOM PARTIA

### Mandatfordeling 2013–2017

Det er i alt 169 stortingsrepresentantar. I perioden 2013–2017 er fordelinga mellom partia slik:

Parti	Perioden 2013–2017	Perioden 2009–2013
A	55	64
H	48	30
FrP	29	41
KrF	10	10
Sp	10	11
V	9	2
SV	7	11
MDG	1	0

(Tala for førre perioden er med for å vise endringane.)




Regjeringa Solberg har eit parlamentarisk grunnlag på 77 representantar. Opposisjonen utgjer 92 representantar.

### Valresultatet ved stortingsvalet 2013 – i prosent

Parti	Val 2013	Val 2009
A	30,8 %	35,4 %
H	26,8 %	17,2 %
FrP	16,3 %	22,9 %
KrF	5,6 %	5,5 %
Sp	5,5 %	6,2 %
V	5,2 %	3,9 %
SV	4,1 %	6,2 %
MDG	2,8 %	0,4 %
Andre	2,9 %	2,3 %

(Tala for førre perioden er med for å vise endringane.)



### Parlamentariske leiarar per 30. september 2016

Parti	Parlamentarisk leiar
A	Jonas Gahr Støre
H	Trond Helleland
FrP	Harald T. Nesvik
KrF	Knut Arild Hareide
Sp	Marit Arnstad
V	Trine Skei Grande
SV	Audun Lysbakken
MDG	Rasmus Hansson

## Prosentvis fordeling mellom kjønn

Kjønnsfordelinga på Stortinget vart den same etter valet i 2013 som i førre perioden.

Stortingsperiode	Kvinner	Menn
2013–2017	39,6 %	60,4 %
2009–2013	39,6 %	60,4 %
2005–2009	37,9 %	62,1 %
2001–2005	36,4 %	63,6 %

## Gjennomsnittsalder på representantane

49,4 år (per 30. september 2016)



Marit Nybakk,  
A, Oslo.

### Representantane med lengst ansiennitet

Oversikta viser kven som har møtt på flest storting (sesjonar).

#### Møtte fyrste gong

Marit Nybakk	A	Oslo	31 storting	1985–86
Erna Solberg	H	Hordaland	27 storting	1989–90
Jan Tore Sanner	H	Akershus	27 storting	1989–90
Jens Stoltenberg	A	Oslo	25 storting	1991–92
Karin Andersen	SV	Hedmark	21 storting	1989–90

(Per 30. september 2016)



Stortingets  
yngste siste  
sesjon, Sivert  
Bjørnstad, FrP,  
Sør-Trøndelag.

### Dei yngste representantane

Sivert Bjørnstad	FrP	Sør-Trøndelag	25 år
Fredric Holen Bjørdal	A	Møre og Romsdal	26 år
Erik Skutle (fast møtende vararepresentant)	H	Hordaland	26 år
Peter Christian Frølich	H	Hordaland	29 år
Sveinung Rotevatn	V	Sogn og Fjordane	29 år

(Per 30. september 2016)



Stortingets  
eldste siste  
sesjon,  
Svein Flåtten,  
H, Vestfold.

### Dei eldste representantane

Svein Flåtten	H	Vestfold	71 år
Marit Nybakk	A	Oslo	69 år
Helge Thorheim (fast møtende vararepresentant)	FrP	Rogaland	68 år
Martin Kolberg	A	Buskerud	67 år
Svein Roald Hansen	A	Østfold	67 år

(Per 30. september 2016)

## Stortingsrepresentantar som har vorte statsråder

I sesjonen 2015–2016 vart to stortingsrepresentantar utnemnde som statsråder. Per Sandberg (FrP) vart fiskeriminister, og Linda C. Hofstad Helleland (H) vart kulturminister.



## Representantar per fylke

Stortingsrepresentantane blir etter stortingsvalet fordelte mellom fylka etter ein formel der både innbyggjartalet og arealet tel. Fordelinga blir justert før annankvar periode.



# Arbeidet i Stortinget – i tal

I stortings sesjonen 2015–2016, den tredje sesjonen i valperioden 2013–2017, har Stortinget halde 97 møte og handsama 419 komitéinnstillingar. Stortingsrepresentantane har stilt over 2060 spørsmål til regjeringa.

Det er presidentskapet som fastset når Stortinget skal ha møte. Normalt er det plenums møte i Stortinget tysdagar, onsdagar og torsdagar. I dei travlaste periodane er det også møte på måndagar og fredagar. Av og til held møta fram utover etter-

middagen/kvelden. I sesjonen 2015–2016 vart det halde totalt 97 stortingsmøte. 43 av dei varte utover kl. 16. Bortsett frå to møte vart møta avslutta innanfor den reglementoppsette tida kl. 22.

## Plenums møte i Stortinget i sesjonen 2015–2016 samanlikna med tidlegare sesjonar

Stortings sesjon	Tal på møtedagar	Tal på møte etter kl. 16	Total møtelengd
2015–2016	97	43	516 timar og 13 minutt
2014–2015	95	21	520 timar og 56 minutt
2013–2014	89	17	409 timar og 47 minutt
2012–2013	104	27	535 timar og 21 minutt
2011–2012	105	18	517 timar og 27 minutt
2010–2011	108	28	582 timar og 52 minutt

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfølgingssystem (EPOS)

## Ferdighandsama saker i sesjonen 2015–2016 samanlikna med tidlegare sesjonar

Handsama saker	2015–2016	2014–2015	2013–2014	2012–2013	2011–2012	2010–2011
Proposisjonar	161	157	142	209	153	158
Meldingar	39	31	30	53	31	27
Utgreiingar	9	9	10	10	9	15
Representantframlegg	126	142	61	191	130	187
Grunnlovsframlegg	27	5	12	0	16	5
Dokument*	25	25	25	29	24	28
Innberetningar	3	4	3	6	6	4
Andre saker**	27	19	38	20	28	24
<b>Totalt</b>	<b>417</b>	<b>392</b>	<b>321</b>	<b>518</b>	<b>397</b>	<b>448</b>

\*Denne sakstypen inneheld blant anna publikasjonar frå organ knytte til Stortinget, t.d. Riksrevisjonen.


\*\*Dette kan t.d. vere saker frå presidentskapet, valkomiteen eller saker initierte av kontroll- og konstitusjonskomiteen.

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfølgingssystem (EPOS)

Stortinget har handsama 417 saker denne sesjonen. Ein stor del av sakene er proposisjonar og meldingar frå regjeringa, som vanlegvis blir sende til komitéhandsaming før det blir debatt

og avstemming i plenum. Stortinget har også handsama fleire saker med opphav i Stortinget (deriblant representantframlegg) og frå organ knytte til Stortinget.

## Tal ferdighandsama innstillingar i sesjonen 2015–2016 samanlikna med tidlegare sesjonar




\*stipla linje = gjennomsnitt

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfølgingssystem (EPOS)

Dei aller fleste saker blir handsama i ein fagkomité, som så leverer ei innstilling i saka. I figuren over ser ein talet på ferdighandsama innstillingar i sesjonen 2015–2016 samanlikna med tidlegare sesjonar. Den stipla linja viser at gjennomsnittet er i overkant av 400 innstillingar per sesjon. Dermed ligg sesjonen 2015–2016

tett opp til det normale. Ut frå figuren ser vi ein tydeleg tendens til at det blir handsama noko færre innstillingar i den fyrste sesjonen etter eit stortingsval og noko fleire i den siste sesjonen før eit stortingsval.


## Ferdighandsama innstillingar per måned i sesjonen 2015–2016



Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfølgingssystem (EPOS)

Kor mange innstillingar som blir handsama, varierer frå måned til måned gjennom stortings sesjonen. Normalt blir det handsama flest innstillingar i desember og juni. Slik var det også i sesjonen 2015–2016. Det høge talet på innstillingar i desember har

samanheng med at statsbudsjettet blir ferdighandsama denne månaden. I juni er det normalt mange lovsaker som skal hand-samast ferdig før sommaren. Til saman vart 419 innstillingar handsama ferdig i sesjonen 2015–2016.



## Spørsmål som er svarta på i stortingssesjonen 2015–2016, fordelte på parti og type spørsmål


Parti	Hovudspørsmål i munnleg spørjetime	Spørsmål i ordinær spørjetime	Interpellasjonar	Skriftlege spørsmål
A	44	125	24	653
SP	22	39	5	417
SV	22	22	3	172
V	22	13	8	121
KrF	23	2	1	155
MDG	1	10	0	27
H	0	0	4	39
FrP	0	0	2	88
<b>Totalt</b>	<b>134</b>	<b>211</b>	<b>47</b>	<b>1672</b>

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfølgingsystem (EPOS)

Spørjeinstituttet er ein sentral del av måten Stortinget kontrollerer regjeringa på. Spørsmåla bidreg til at Stortinget får informasjon frå regjeringa og kan få klarlagt kva haldning ho har til politiske problemstillingar.

Til saman vart det stilt 2061 spørsmål til regjeringa i løpet av sesjonen 2015–2016. Tabellen viser at det hovudsakleg er opposisjonspartia som stiller spørsmål og interpellasjonar til regjeringa.

## Talet på spørsmål som er svarta på i den ordinære spørjetimen over tid




Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfølgingsystem (EPOS)

I sesjonen 2015–2016 fekk 211 spørsmål svar i den ordinære spørjetimen. Som figuren over viser, har talet på spørsmål til den ordinære spørjetimen gått ned over tid. Den motsette utviklinga

ser ut til å gjelde for interpellasjonar og skriftlege spørsmål, men frå 2010–2011 ser vi ein minkande tendens også her. Talet på skriftlege spørsmål har rett nok auka att dei to siste sesjonane.

## Talet på skriftlege spørsmål og interpellasjonar over tid



Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfølgingsystem (EPOS)

# Sentrale saker i sesjonen

Stortinget handsama 417 saker i sesjonen 2015–2016.

Her er nokre av dei mest sentrale.

## STATSBUDSJETTET

Framlegget til statsbudsjett for 2016 vart lagt fram av finansminister Siv Jensen (FrP) 7. oktober 2015. Regjeringa la også fram ein tilleggsproposisjon til statsbudsjettet 30. oktober 2015, blant anna på grunn av at det kom fleire asylsøkjjarar til landet.

Finanskomiteen gav frå seg innstilling om budsjettet, med framlegg til rammevedtak for løyvingar, 28. november 2015. Dette var på overtid. Etter forretningsordenen for Stortinget skal finansinnstillinga leverast seinast 20. november. Finansdebatten vart halden 3. desember 2015.

## ASYLFORLIK OG INTEGRERINGSFORLIK

Seks av dei åtte partia på Stortinget vart 19. november 2015 samde om tiltak for å møte flyktningkrisa. Stortinget vedtok dette asylforliket i samband med finansdebatten. Som ei oppfølging av forliket vart dei same seks partia 16. desember 2015 samde om tiltak for integrering av asylsøkjjarar (integreringsforliket). Forliket vart vedteke 12. januar 2016.

## TILSLUTNING TIL FINANSTILSYNET I EU

Stortinget vedtok i juni 2016 å samtykkje til norsk tilslutning til finansstilsynet i EU. Vedtaket vart gjort i medhald av Grunnlova § 115, som krev tre firedels fleirtal.

*Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2016 vart lagt fram for Stortinget av finansminister Siv Jensen.*

*(Foto: Stortinget / Gjermund Nordtug)*





Frå stortingsalen då statsbudsjettet for 2016 vart lagt fram. (Foto: Stortinget / Gjermund Nordtug)

## GRUNNLOVSENDERINGAR

Framlegg om grunnlovsendringar må handsamast av fyrste, andre eller tredje storting etter eit val. Sesjonen 2015–2016 var følgjeleg siste sesjon i inneverande valperiode der Stortinget kunne handsame framlegg om endring av Grunnlova.

Stortinget vedtok to grunnlovsendringar i sesjonen 2015–2016:

Den 31. mars 2016 vart eit grunnlovsframlegg om endringar i Grunnlova § 49 – om lokalt sjølvstyre / lokaldemokrati – vedteke. Den nye føresegna lyder (på bokmål og nynorsk):

«Innbyggerne har rett til å styre lokale anleggjer gjennom lokale folkevalgte organer. Nærmere bestemmelser om det lokale folkevalgte nivå fastsettes ved lov.»

«Innbyggjarane har rett til å styre lokale tilhøve gjennom lokale folkevalde organ. Nærare føresegner om det lokale folkevalde nivået blir fastsette i lov.»

Stortinget vedtok dessutan 24. mai 2016 å grunnlovfeste Noregs Bank. Føresegna vart teken inn i § 33, og lyder (på bokmål og nynorsk):

«Norges Bank er landets sentralbank.»

«Noregs Bank er sentralbanken i landet.»

## LOVENDRINGAR

Ei rekkje framlegg til lovendringar vart handsama i sesjonen. Eit særtilfelle var Stortinget si handsaming av Prop. 16 L (2015–2016) om endringar i utlendingsloven (innstramningar). Saka vart fremja i statsråd 13. november 2015 og send til Stortinget 16. november 2015. Stortinget tok straks saka opp til handsaming, utan at ho fyrst vart send til komitéhandsaming som er den vanlege handsamingsmåten. Lovendringa vart handsama andre gong 19. november 2015 og sanksjonert 20. november, som også var datoen for å setje lova i kraft. Etter framlegg frå KrF vedtok Stortinget at lovendringa skulle vere mellombels og berre gjelde til 1. januar 2018.

Andre døme på lovvedtak frå sesjonen er:

- Endringar i utlendingsloven mv. (innstramningar II)
- Lov om offentlege anskaffelser (anskaffingslova)
- Endringar i barnelova m.m. (oppheving av tidsfristar i farskapsaker m.m.)
- Endring i straffeprosessloven mv. (skjulte tvangsmidler)
- Samanslåing av Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag fylke til Trøndelag fylke og endringar i lov om forandring av rikets inndelingsnavn
- Lov om endring av juridisk kjønn
- Endringar i forvaltningsloven mv. (administrative sanksjoner mv.)
- Endringar i kirkeloven (omdanning av Den norske kirke til eget rettssubjekt m.m.)
- Lov om skatteforvaltning (skatteforvaltningslova)





- Endringer i straffeloven 2005 mv. (strafferettslige særreaksjoner m.m.)
- Endringer i vergemålsloven m.m.
- Lov om granskingskommisjonen for brannen på Scandinavian Star
- Endringer i sosialtjenesteloven (økonomisk stønad til barnefamilier)

### Representantframlegg

Storingsrepresentantane har framleggsrett på lik linje med regjeringa. Kvar sesjon blir det fremja mange representantframlegg – både lovframlegg og framlegg til stortingsvedtak. I sesjonen 2015–2016 vart det fremja til saman 129 slike framlegg.

Dei fleste representantframlegga blir fremja av representantar frå opposisjonspartia og blir derfor ofte, men langt frå alltid, stemte ned.

Uavhengig av om dei blir vedtekne eller ikkje, vekker representantframlegga gjerne debatt både innanfor og utanfor Stortinget. Døme frå denne sesjonen er framlegget frå stortingsrepresentantane Audun Lysbakken og Heikki Eidsvoll Holmås (begge SV) om å be regjeringa oppheve forskrifta om ei fråværsgrænse på 10 prosent i vidaregåande opplæring, og framlegget frå Heidi Greni, Marit Arnstad og Trygve Slagsvold Vedum (alle Sp) om strakstiltak for å handtere den sterkt aukande asylstraumen ved grensekontrollstaden Storskog vinteren 2015.

### STORTINGSMELDINGAR

Stortingsmeldingar er meldingar frå regjeringa til Stortinget om arbeid som er gjort, eller drøfting av politikk for framtida. Meldingane dannar ofte grunnlag for seinare lovframlegg og -vedtak.

Stortinget har blant anna handsama desse stortingsmeldingane i sesjonen 2015–2016:

- *Fra mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk*
- *Kraft til endring. Energipolitikken mot 2030*
- *Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver*
- *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen*
- *Ulv i norsk natur. Bestandsmål for ulv og ulvesone*

- *Bedre skatt. En skattereform for omstilling og vekst*
- *Trygghet og omsorg. Fosterhjem til barns beste*
- *Globale sikkerhetsutfordringer i utenrikspolitikken – Terrorisme, organisert kriminalitet, piratvirksomhet og sikkerhetsutfordringer i digitale rom*
- *Likestilling i praksis – Like muligheter for kvinner og menn*
- *En konkurransekraftig sjømatindustri*
- *Nasjonal helse- og sykehusplan*
- *Politiets rolle i den nasjonale kriseledelsen*
- *Open og opplyst – Allmennkringkasting og mediemangfold*
- *Globalisering og handel. Muligheter og utfordringer for Norge i handelspolitikken*
- *Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet*

### UTGREIINGAR

Statsminister Erna Solberg heldt 13. oktober 2015 ei utgreiing om migrasjons- og flyktningssituasjonen rundt Middelhavet og i Europa. Den 14. april 2016 gjorde klima- og miljøminister Vidar Helgesen greie for oppfølginga av Paris-avtalen. Helse- og omsorgsminister Bent Høie heldt ei utgreiing om ventelistene i spesialisthelsetenesta 10. juni 2016.

### INITIATIVDEBATTAR

I utgangspunktet kan ikkje komiteane handsame andre saker enn dei Stortinget har sendt over. I 2013 fekk likevel forretningsordenen for Stortinget inn ei ny føresegn som opna for at kvar komité, inntil to gonger i sesjonen, kan ta initiativ til debatt i Stortinget om eit tema som fell innanfor saksområdet til komiteen. Bakgrunnen for endringa var ynsket om å styrkje Stortinget som debattarena.

Det vart halde éin initiativdebatt i sesjonen 2015–2016. Debatten, som gjekk føre seg 10. mai 2016, kom i stand etter initiativ frå kommunal- og forvaltningskomiteen og handla om seriositet i bygge- og anleggsnæringa. To statsrådar deltok – kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner (H) og arbeids- og sosialminister Anniken Hauglie (H).

### KONTROLLSAKER

Kontroll saker i sesjonen er omtalte under «Verksemda i komiteane», side 20.

# Verksemda i komiteane

Fagkomiteane leverte 419 innstillingar denne sesjonen. Statsbudsjettet tok som vanleg mesteparten av tida til komiteane på hausten, medan vårsesjonen gjekk med til reiser, høyringar og andre vanlege saker, blant desse ei rekkje lovsaker.

Opggåva til fagkomiteane er å førebu dei sakene Stortinget skal ta stilling til. Representantane er fordelte på tolv fagkomitear, og desse leverer innstillingar til Stortinget om dei proposisjonane, meldingane og representantframlegga som fell inn under saksområda deira.

Om hausten er særleg arbeidet med statsbudsjettet tidkrevjande, både for finanskomiteen, som samordnar budsjetthandsaminga og leverer finansinnstillinga, og for fagkomiteane elles, som leverer innstillingar om løyvingane innanfor fagområda sine. Framlegg til omprioriteringar og tilleggslovingar frå regjeringa blir handsama i revidert nasjonalbudsjett om våren og i nysalderinga om hausten. Heilt til sist i budsjettssyklusen blir statsrekneskapen handsama – halvtanna år etter at statsbudsjettet fyrst vart fremja – i to komitear: i finanskomiteen etter at dei har fått stortingsmelding frå Finansdepartementet, og i kontroll- og konstitusjonskomiteen etter at dei har fått rapport frå Riksrevisjonen.

I tillegg til budsjettet sender regjeringa over fleire andre faste årlege saker. Kommunal- og forvaltningskomiteen handsamar kommuneproposisjonen, som handlar om den politikken regjeringa vil føre overfor kommunane i året som kjem, medan næringskomiteen handsamar jordbruksoppgjeret, som er avtalen staten gjer med landbruket om blant anna prisar på jordbruksvarer.


## RAPPORTAR FRÅ DEI UNDERLIGGJANDE ORGANA I STORTINGET

Nokre komitear handsamar også faste årsrapportar. Dette kan vere årsrapportar frå Stortingets kontrollorgan eller institusjonar og nemnder oppretta av Stortinget. Nokre døme er årsrapport frå Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar, som kom for fyrste gong i sesjonen 2015–2016 og blir handsama i justis-komiteen, årsrapport frå Sivilombodsmannen, som blir handsama i kontroll- og konstitusjonskomiteen, årsrapport frå Personvernemnda, som blir handsama i kommunal- og forvaltningskomiteen, og årsrapport frå dei ulike parlamentarikardelegasjonane, som blir handsama i utanriks- og forsvarskomiteen.


## KOMITÉMØTE OG HØYRINGAR

Komiteane har møte gjennom heile sesjonen. I sesjonen 2015–2016 vart det halde til saman 381 komitémøte. Ved handsaminga av somme saker avgjer komiteen at det også skal haldast høyring i saka. Ei høyring er eit møte der inviterte organisasjonar legg fram synet sitt og svarar på spørsmål frå komiteen. Høyringane er ein viktig reiskap for komiteane for innspel og informasjon, samtidig som det gjev ulike interesseorganisasjonar høve til å påverke avgjerdene politikarane skal ta. I sesjonen 2015–2016 vart det til saman halde 114 slike høyringar, og totalt møtte 1859 instansar.


Talet på komitémøte og talet på innstillingar komiteane har levert, per komité i sesjonen 2015–2016



### Talet på høyringar som er haldne per komité i sesjonen 2015–2016



### Talet på instansar som har vore på høyring i kvar einiskild komité i sesjonen 2015–2016



### KOMITÉREISER OG SEMINAR

Komiteane bruker også noko tid på reiseverksemd. I sesjonen 2015–2016 gjennomførte komiteane til saman 36 reiser innanlands fordelte på dei fleste av fylka i landet, og 23 utanlandsreiser til Norden, Europa elles og Sør-Afrika, Midtausten, Sørøst-Asia, USA og Sør-Amerika.

Komiteane arrangerte også totalt to seminar om sine fagfelt på Stortinget, hadde 84 møte med eksterne organisasjonar og instansar på Stortinget og 31 møte med eksterne utanfor Stortinget.

### KOMITÉLEIARAR



Arbeids- og sosialkomiteen,  
Arve Kambe (H), Rogaland



Energi- og miljøkomiteen,  
Ola Elvestuen (V), Oslo



Familie- og kulturkomiteen,  
Svein Harberg (H), Aust-Agder



Finanskomiteen,  
Hans Olav Syversen (KrF), Oslo



Helse- og omsorgskomiteen,  
Kari Kjønås Kjos (FrP),  
Akershus



Justiskomiteen,  
Hadia Tajik (A), Oslo



Kyrkje-, utdannings- og  
forskingskomiteen,  
Trond Giske (A), Sør-Trøndelag



Kommunal- og forvaltnings-  
komiteen, Helge André Njåstad  
(FrP), Hordaland



Kontroll- og konstitusjons-  
komiteen, Martin Kolberg (A),  
Buskerud



Næringskomiteen,  
Geir Pollestad (Sp),  
Rogaland



Transport- og kommunikasjons-  
komiteen, Nikolai Astrup (H),  
Oslo



Utanriks- og forsvarskomiteen,  
Anniken Huitfeldt (A), Akershus



Frå kontrollhøyringa om forsvarsmateriell 26. og 27. november 2015. Tom E.B. Holthe, Erik Skutle og Michael Tetzschner. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)

## KONTROLLSAKER

Kontroll- og konstitusjonskomiteen kan gjere egne undersøkingar i forvaltninga for å kontrollere om politikken til regjeringa samsvarar med Stortinget sine vedtak og intensjonar.

Avgjerda om å starte ei eiga undersøking kan takast av ein tredel av komitémedlemene, det vil seie at minst fire av dei tolv komitémedlemene må stå bak eit framlegg om å setje i gang ei undersøking.

Når komiteen vedtek å setje i gang undersøkingar, er det fyrste steget ein skriftleg førespurnad til den ansvarlege statsråden. Dersom komiteen finn svaret tilfredsstillande, blir undersøkinga avslutta. Om ikkje kan komiteen stille fleire spørsmål, eller han kan vedta å «opne sak». Dette inneber at komiteen formelt tek saka opp til handsaming og leverer innstilling til Stortinget. Normalt blir det halde kontrollhøyring. Til sist blir saka debattert av Stortinget i plenum.

I 2015–2016 brukte komiteen initiativretten og heldt omfattande kontrollhøyringar i tre saker:

### • Avhending av brukt/utrangert forsvarsmateriell

Bakgrunnen for saka var ein serie artiklar i Dagbladet og andre medium om forholda rundt salet av ei rekkje tidlegare norske marinefartøy. Det kom blant anna fram at fleire av fartøya hadde hamna hos paramilitære selskap i Vest-Afrika. Komiteen heldt derfor ei omfattande kontrollhøyring i saka våren 2015.

Hausten 2015 vedtok komiteen å halde ei ny kontrollhøyring, fordi sakskomplekset i tida etter den fyrste høyringa hadde vakse i omfang.

Saka vart ført opp til handsaming i Stortinget, men etter oppmoding frå komiteen vart innstillinga send tilbake til komiteen utan handsaming i plenum. Bakgrunnen for oppmodinga var at komiteen fekk ny dokumentasjon frå forsvarsministeren. Komiteen handsama deretter saka i ei tilleggsinnstilling.

### • Statstilskot til høgskulane NITH, Westerdals og NISS

Bakgrunnen for saka var merknadene frå Riksrevisjonen til Kunnskapsdepartementet i 2013 om mangelfull oppfølging av tilskot og om oppslag i media, medrekna Dagens Næringsliv, om transaksjonar i samband med fusjonen av dei tre høgskulane. Kontrollhøyringa vart halden i april 2016.



Kontroll- og konstitusjonskomiteen heldt ny høyring om eigarskapsutøvinga i Telenor og Telenor si handtering av VimpelCom-saka i mai 2016. (Foto: Stortinget / Peter Mydske)

- **Nærings- og fiskeridepartementet si eigarskapsutøving i Telenor og Telenor si handtering av VimpelCom-saka – saka opna på nytt**

Komiteen heldt kontrollhøyring i januar 2015 og leverte innstilling i mai 2015. Komiteen fekk eit brev frå næringsministeren om Telenor si handtering av VimpelCom-saka. I brevet viste næringsministeren til at det låg føre informasjon som var ny for Nærings- og fiskeridepartementet, og som utfylte den informasjonen komiteen hadde fått tidlegare. Komiteen avgjorde på bakgrunn av dei nye opplysningane å opne saka på nytt. Som ledd i handsaminga vart det halde ei ny omfattande kontrollhøyring i mai 2016.

- **Særskild melding frå Sivilombodsmannen – Kommunal- og moderniseringsdepartementet følgjer ikkje fråsegnene frå Sivilombodsmannen**

I tillegg til sakene komiteen sjølv tok initiativ til, heldt komiteen kontrollhøyring som ledd i handsaminga av ei særskild melding frå Sivilombodsmannen. Bakgrunnen for den særskilde meldinga var manglande oppfølging frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet si side av fråsegnene frå Sivilombodsmannen i to konkrete saker.



Tidlegare styreleiar i Telenor Svein Aaser og tidlegare konsernsjef i Telenor Jon Fredrik Baksaas i høyringssalen 27. mai 2016. (Foto: Stortinget / Peter Mydske)

# Nasjonal institusjon for menneskerettar

Stortinget vedtok 19. juni 2014 å opprette ein ny nasjonal institusjon for menneskerettar. Den 26. november 2015 godkjende Stortinget samrøystes oppnemninga av Petter Fredrik Wille som direktør for institusjonen. Institusjonen leverte den fyrste årsmeldinga si til Stortinget 1. april 2016.



*Petter Fredrik Wille vart oppnemnd som direktør for Nasjonal institusjon for menneskerettar. Her med stortingspresident Olemic Thommesen. (Foto: Stortinget)*

## Stortingets ansvarskommisjon

Stortingets ansvarskommisjon er eit uavhengig særorgan på fem medlemmer som Stortinget kan be om å innleie undersøkingar for å klarleggje om det er grunnlag for å gjere konstitusjonelt ansvar gjeldande for nokon. To medlemmer av Stortingets ansvarskommisjon, Kristen Ribe og Marianne Abeler, vart valde 7. juni 2016 for perioden fram til 1. juni 2022.

# Internasjonalt samarbeid

Gjennom internasjonale besøk, interparlamentarisk samarbeid og annan kontakt med internasjonale miljø er stortingsrepresentantane aktive på den internasjonale arenaen.

## SAMARBEID I NORD

Samarbeid i nord er eit høgt prioritert område for Noreg. Det arktiske samarbeidet held i stor grad fram som før, trass i eit krevjande overordna tryggingpolitisk bilete. Klima, økonomisk utvikling og menneske som bur i Arktis, var hovudtemaa på den 12. arktiske parlamentariskkonferansen i Russland 14.–17. juni 2016. Delegasjonsleiar Eirik Sivertsen (A) vart attvald som leiar av den internasjonale arktiske komiteen for dei neste to åra.

## FLYKTNINGAR OG GRENSEKONTROLLAR I NORDEN

Nordisk råd heldt sin 67. sesjon i Reykjavik 27.–29. oktober 2015. Flyktningkrisa og behovet for eit styrkt nordisk samarbeid prega debatten under sesjonen. Klimautfordringar og berekraft var andre sentrale tema.

Danmark har presidentskapet i Nordisk råd i 2016 og har nordisk samarbeid om helse, turisme og forsvar som hovudprioriteringane sine. Den 19. april møttest Nordisk råd i Stortinget til ein temasesjon om kva grensekontroll har å seie for det nordiske samarbeidet.



Stortingsdelegasjonen til Nordisk råd under temasesjonen på Stortinget 19. april 2016. (Foto: Stortinget)



Generalsekretær i NATO Jens Stoltenberg og stortingspresident Olemic Thommessen deltok i Stavanger. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)

## NATO I STAVANGER

Storingsdelegasjonen til den parlamentariske forsamlinga i NATO har eit generelt høgt aktivitetsnivå.

Stortinget var vertskap for den årlege sesjonen i 2015, som vart arrangert 10.–12. oktober i Stavanger. Av dei om lag 600 deltakarane var nærare 350 parlamentarikarar. Arrangementet, som hadde mange nasjonale innleiarar, bidrog til å fremje norsk tryggingpolitisk kompetanse og norske perspektiv.



Storingsdelegasjonen til den parlamentariske forsamlinga i NATO var vertskap under sesjonen i Stavanger i oktober 2015. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)

## TRAVELT I BRUSSEL

Stortinget har kontor med éin medarbeidar i Europaparlamentet i Brussel. Kontoret vart oppretta i 2010 for å gje representantane betre informasjon om EU/EØS-saker og styrkje kontakten med Europaparlamentet. Frå 1. juli 2015 til 1. juli 2016 deltok norske stortingsrepresentantar på seks fellesmøte mellom Europaparlamentet og nasjonale parlament i Brussel, attåt ni møte arrangerte av formannskapslanda Luxembourg og Nederland. I tillegg har det vore to komitébesøk i Brussel og eitt bilateralt møte mellom Europaparlamentet og Stortinget. Stortingspresidenten møtte presidenten i Europaparlamentet i mars 2016. Det årlege studieopphaldet i Brussel vart gjennomført for elleve representantar i februar 2016.

EØS/EFTA-delegasjonen i Stortinget har også hatt eit aktivt år. I møte med EFTA- og EU-kollegaer har dei sett nærare på overordna utfordringar knytte til europeisk integrasjon og kva rolle desse spelar for EØS-samarbeidet. Tema som brexit, migrasjon, tryggleik og den økonomiske situasjonen i Europa har stått sentralt. Delegasjonen har også brukt mykje tid på internasjonale handelsspørsmål, og møtte i februar 2016 EUs handelskommisær og representantar for Europaparlamentets internasjonale handelskomité i Brussel.





*Gunvor Eldegard (nr. 2 frå venstre) i den norske delegasjonen og kollegaer under IPU-sesjonen i Lusaka, Zambia. (Foto: Stortinget)*

## MIGRASJON OG FRAMANDFRYKT

Også i 2016 har migrasjons- og flyktningkrisa i Europa prega aktiviteten i Europarådet. Søkjelyset er vorte sett både på EU og utfordringane Europa har med å samle seg om ein felles innsats og ansvarsfordeling, og på dei individuelle menneskerettane og dei humanitære forholda for flyktningane. Avtalen mellom EU og Tyrkia, stenging av grenser i Europa og situasjonen for dei mange flyktningane i Hellas var oppe til omfattande debatt og diskusjon. Forholda for barn på flukt og for einslege mindreårige flyktningar, særleg mangelen på utdanning og faren for overgrep, har også fått auka merksemd. Kampen mot terror har stått høgt på agendaen, og i lys av dette også ekstremisme, radikaliserings (også radikaliserings av born) og veksande antisemittisme i Europa.

Hatprat, intoleranse og framandfrykt er tema som står høgt på agendaen i Europarådet. Stortingspresidenten deltok i ein debatt om hatprat og framandfrykt under Europarådet sin parlamentspresidentkonferanse (ECPP) i Strasbourg 15. og 16. september 2016.

Den demokratiske utviklinga og status i medlemslanda er noko Europarådet jamleg fokuserer på. I 2016 har særleg den konstitusjonelle krisa i Polen og utviklinga i Tyrkia fått merksemd i parlamentarikarforsamlinga i Europarådet.

## ASIA

Stortingsdelegasjonen til det parlamentariske Asia–Europa-partnerskapet (ASEP) deltok i april på årsmøte i Mongolia. Over 30 land og 150 deltakarar frå Asia og Europa møttest i Ulan

Bator for å diskutere auka regional samhandling. Den norske delegasjonen sytte for at Noreg fekk innverknad på utforminga av slutterklæringa, som blant anna handla om felles innsats for økonomisk vekst og berekraftig utvikling.

## SLEPP UNGDOMEN TIL!

Den interparlamentariske union (IPU) heldt sin sesjon i Lusaka, Zambia 19.–23. mars. 670 parlamentarikarar frå 131 land diskuterte korleis representasjonen av ungdom og kvinner kan styrkjast. Nesten halvparten av befolkninga i verda er under 30 år, men under 2 prosent av parlamentarikarane i verda tilhøyrer denne aldersgruppa. Dessverre vart terror også eit aktuelt tema då nyhendet om åtaka i Brussel vart kjent. Det vart halde eitt minutt stille for offera, og den belgiske delegasjonen fekk kondolansar frå alle verdshjørne. Eit samla IPU vedtok ein omfattande resolusjon mot terror.

## OSSE BYGGJER TILLIT

Parlamentarikarforsamlinga til Organisasjonen for sikkerheit og samarbeid i Europa (OSSE PA) har særleg prioritert tillitsbyggjande tiltak og dialog dette året, og har diskutert dei mest utfordrande spørsmåla landa i regionen står overfor: migrasjonskrisa, krisa i Ukraina, menneskerettar på Krim og globale spørsmål som internasjonal terrorisme, klimaendringar, korrupsjonsnedkjemping og likestilling. Migrasjons- og flyktningkrisa har likevel i aller størst grad prega debattane i parlamentarikarforsamlinga, og då spesielt om korleis mottaksapparatet fungerer.

# Stortingsbygningen 150 år

I 2016 var det 150 år sidan Stortinget fekk ein eigen bygning, etter meir enn 50 år i lånte lokale. Då bygningen stod ferdig i 1866, var han nyskapande. Arkitekt Emil Victor Langlet vekte både harme og begeistring med den særeigne utforminga og den sentrale plasseringa i bybiletet. I dag er stortingsbygningen blant dei fremste symbola våre på folkestyret og det moderne Noreg.



## LØVEJUBILEUM 5. DESEMBER 2015

5. desember 2015 inviterte Stortinget til familiedag på Eidsvolls plass i høve 150-årsjubileet til løvene på Løvebakken. Arrangementet var det fyrste av fleire som markerte bygningsjubileet.

Løvebursdagen baud på ei rekkje aktivitetar for borna. Dei fekk fargeleggje løvemasker, lage teikneseriestriper og løyse oppgåver. Det var historieforteljing om fangen Gudbrand Mørstad, som hogg ut løvene, lesestund frå barneforteljinga *Mina og løva* og familieomvisingar i stortingsbygningen. Arrangementet vart avslutta med tale og bursdagsong leidd av stortingspresident Olemic Thommessen.



Over: Fargelegging av løvemasker i teikneteltet. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)

Til venstre: Stortingsløvene vart teikna av kunstnaren Christopher Borch, som fekk Gudbrand Mørstad, ein fange på Akershus festning, til å hogge dei ut. På løvebursdagen sette stortingspresidenten krone på den eine løva. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)



*Kunstnarleg innslag under jubileumsmarkeringa i stortingssalen: vokalist Unni Løvlid (i midten) med (f.v.) Håvard Lund på bassklarinet, Valeria Lillebjerka på bandoneon, Sunanda Sharma vokal og Jai Shankar på tablatrommer. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)*

### **JUBILEUMSMARKERING 3. MARS 2016**

Torsdag 3. mars 2016 inviterte presidentskapet til jubileumsfeiring. Markeringa i stortingssalen framheva den viktigaste funksjonen stortingssbygningen har, nemleg som arbeidsrom og møteplass for dei folkevalde representantane. Etter stortingsmøtet var det mottaking i vandrehallen.



*Over til høgre: Livet i stortingssbygningen var tema i ein panel-samtale i vandrehallen. Peter Butenschøn (arkitekt og forfattar av jubileumsboka om stortingssbygningen), Kirsti Kolle Grøndahl (mangeårig tidlegare stortingssrepresentant og stortingsspresident i to periodar), Heidi Nordby Lunde (stortingssrepresentant), Leif Jakob Knutsen (tidlegare tilsett i Stortinget) og Kjetil B. Alstadheim (politisk redaktør i Dagens Næringsliv) deltok. Anne Grosvold leidde samtalen. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)*

*Til høgre: Etterkomarane av arkitekten for stortingssbygningen, Emil V. Langlet, var inviterte frå Sverige for å delta på jubileums-markeringa. Her oldebarnet Erik Langlet og tippoldebarnet Simone Langlet. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)*





### **JUBILEUMSFEST 9. MAI 2016**

Måndag 9. mai vart skuleelevar frå Oslo, Akershus og Trondheim inviterte til utandørsfest. Elevane vart inviterte fordi Stortinget ynskjer å bidra til å utdanne dei yngste generasjonane til aktive demokratideltakarar.


Eidsvolls plass var denne dagen fylt med aktivitetar om stortingsbygningen, arkitekturen og demokratiet.

På ettermiddagen var det ope hus, og meir enn 500 publikummarar besøkte stortingsbygningen.



Stortingsbygningen var pynta med blomar, flagg og ballongar då skuleelevar var inviterte til jubileumsfest. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)

Til høgre: Stortingets fyrste visepresident Marit Nybakk får ei virtuell omvising av elevar på 6. trinn ved Brundalen skole i Trondheim. Dei har utvikla stortingsbygningen i dataspellet Minecraft. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)



Det vart sett opp talarstol og mikrofon til «Speakers' Corner», der elevane fekk halde innlegg om ei sak dei var opptekne av. Her er det ein elev frå Rønningen skole i Asker som taler. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)





Stortingets president Olemic Thommesen og statsminister Erna Solberg tok del i eit sceneprogram leidd av Erik Solbakken. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)



Stortingetsbygningen i Lego: Stortingetspresidenten avduka ein ny modell av bygningen laga av 35 000 legoklossar, av sertifisert legobyggjar Matija Pužar. Det er den fyrste modellen som viser bygningen slik han ser ut i dag. Etter avdukinga vart modellen plassert i trappehallen i stortingetsbygningen og er i dag ein populær attraksjon ved omvisingar og besøk. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)

### HISTORISK TILBAKEFØRING AV FORSAMLINGSROMMET TIL LAGTINGET

I samband med bygningsjubileet skulle rommet som ligg vis-à-vis lagtingssalen, først tilbake til den opphavlege utsjånaden. Rommet er bygd om mange gonger i samband med skiftande funksjonar. Etter grundige førearbeid fann ein spor av korleis

rommet såg ut i 1866, tenkt som eit forsamlingsrom for medlemene av Lagtinget. Det nyrestaurerte rommet stod ferdig til jubileumsmerkingane og er teke i bruk som eit representativt møterom.



Tilbake til original dekor: Per Kristian Engebretsen (i midten), tilsett i stortingetsadministrasjonen, har leidd restaureringsarbeidet. Her viser han fram rommet til publikum under ope hus 9. mai 2016. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)



Stortingets første visepresident Marit Nybakk opna jubileumsutstillingane i historisk sal 3. mars 2016.  
(Foto: Stortinget / Morten Brakestad)

### JUBILEUMSBOK OG -FILM

Stortinget. *Huset på Løvebakken gjennom 150 år*, skreven av arkitekt Peter Butenschøn og med bilete av fotograf Ivan Brodey, er lagd opp som ei vandring gjennom stortingsbygningen. Ho tek føre seg debatten på 1850-talet, sjølvve byggjeprosessen og seinare rehabilitering av huset, i tillegg til livet i stortingsbygningen. Boka finst i både norsk og engelsk utgåve og blir brukt som gåvebok frå Stortinget.

Ein informasjonsfilm på sju minutt om historia til og utforminga av stortingsbygningen vart lansert 3. mars. *Huset på Løvebakken* viser nye bilete av bygningen og bygningsdetaljar, og forklarar korleis utforminga av bygningen heng saman med dei parlamentariske prosessane. Filmen finst med norsk og engelsk forteljarstemme og tekst og er publisert på [www.stortinget.no](http://www.stortinget.no).

### JUBILEUMSUTSTILLINGAR

3. mars opna to jubileumsutstillingar i historisk sal. «Demokratiets hus» viser korleis stortingsbygningen frå 1866 vart arena for utviklinga av demokratiet i åra som følgde. Kort tid etter at Stortinget fekk sitt eige hus, vart det innført årlege storting (1869), og talet på folkevalde auka. Stortingsbygningen danna ramma rundt milestolpar i framveksten av demokratiet – som gjennombrøtet for parlamentarismen i 1884, lausrivinga frå unionen med Sverige i 1905 og innføringa av ålmenn stemmerett for kvinner i 1913. Til historia om det norske folkestyret høyrer også «Skjebneåret 1814», som er ei kortfatta utgåve av jubileumsutstillinga frå 2014.

«Fra Langlet til Holter» tek føre seg stortingsbygningen gjennom to epokar. I takt med at Stortinget utvida verksemda si, auka behovet for meir plass og moderne lokale. Etter tiår med debatt vart det i 1949 utlyst ein ny arkitektkonkurranse, og på 1950-talet vart det gjennomført ei storstilt ombygging av Langlets stortingsbygning under leing av arkitekt Nils Holter. Utstillinga vart laga i samarbeid med Nasjonalmuseet – Arkitektur. Jubileumsutstillingane i Stortinget og Arkitekturmuseet hadde felles katalog, *To arkitektkonkurranser*, med bidrag frå Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo.



Eidsvold 1814 av Oscar Wergeland vart gjeve som gåve til Stortinget i 1885 og har sidan hatt sin faste plass bak presidentpodiet i stortingssalen. Til utstillinga om dette ikoniske måleriet vart det også laga ein katalog. Utstillinga vart flytt til Norsk Folkemuseum våren 2016. (Foto: Stortinget / Peter Mydske)

### SEMINAR OG BYVANDRINGAR

Stortinget og Nasjonalmuseet – Arkitektur arrangerte to opne seminar: «Langlets stortingsbygning» (15. mars) og «Arkitektur og demokrati – åpenhet og debatt om offentlige byggeoppgaver» (27. april). Byvandringa «Stortinget kunne ha ligget her» vart halden saman med Nasjonalmuseet – Arkitektur 8. april, 22. april og 20. mai.

Byvandringa «Stortingets vei til Løvebakken» 26. april vart arrangert i samarbeid med Oslo bymuseum og Norsk Folkemuseum. Vandringa gjekk i stortingsrepresentantane sine fotspor – frå ein nøktern skulesal, via ein sirleg dekorert universitetsaula, til 150-årsjubilanten på Løvebakken.

### ANDRE UTSTILLINGAR I STORTINGET

#### Riksrettens historie

I samband med 200-årsjubileet for Høgsterett i 2015 vart utstillinga «Riksretten – en politisk domstol i 200 år» opna i historisk sal. Utstillinga tok føre seg dei seks riksrettssakene i norsk historie og rolla dei har spelt for den parlamentariske utviklinga, med særleg vekt på den politiske striden på 1880-talet. Utstillinga stod fram til februar 2016.

#### Måleriet Eidsvold 1814

Frå mai 2015 til januar 2016 stod utstillinga om måleriet *Eidsvold 1814* av Oscar Wergeland i historisk sal. Bakgrunnen for bestillinga av måleriet var den politiske striden om parlamentarismen. Måleriet skulle minne dei folkevalde på å vere tru mot riksforssamlinga på Eidsvoll og verne om Grunnlova. Utstillinga om historia til måleriet vart laga i samarbeid med Eidsvoll 1814 / Norsk Folkemuseum og flytt til Norsk Folkemuseum våren 2016.



# Stortinget på nett

Stortinget.no er den offisielle nettstaden til Stortinget.



Nettstaden gjev blant anna informasjon om Stortinget når det gjeld samansetjing, representantane, komitear og delegasjonar, publikasjonar, saker og saksgang i Stortinget, nett-TV og videoarkiv frå stortingsmøte og komitéhøyringar, aktuelle nyhendeoppslag og informasjonssider om Stortinget og folkestyret på nynorsk, bokmål og engelsk.

Opne data frå Stortinget er tilgjengelege frå Stortingets data-teneste, [data.stortinget.no](http://data.stortinget.no).

## SOSIALE MEDIUM

Stortinget og stortingsbiblioteket har Twitter-kontoar (@Stortinget og @Storbibl).

Undervisningsfilmar, opptak av talar o.l. blir lagde ut under «Stortingsfilm» på YouTube. Stortinget legg elles ut bilete på Flickr.

## NYHENDEBREV PÅ E-POST

På [stortinget.no](http://stortinget.no) kan ein melde seg på og finne arkiv for ei rekkje nyhendebrev. Ein kan abonnere på pressemeldingar frå Stortinget, nyhendebrev for lærarar og vekesnyhendebrevet «EU/EØS-nytt», som er utarbeidd av stortingsbiblioteket. Framlegg til rettsakter frå Europakommisjonen som Stortinget tek mot, blir sende ut på e-post i nyhendebrevet «Antatt EØS-relevante rettsakter».

## UTGREIINGAR

Stortingets utgreiingsseksjon gjev ut fagnotat og skriftserien *Perspektiv*, der notat frå seksjonen sjølv eller frå eksterne fagpersonar og forskingsmiljø på oppdrag frå seksjonen blir gjorde ålment tilgjengelege. Dei kan lastast ned frå [www.stortinget.no](http://www.stortinget.no). I 2015–2016 kom desse utgåvene:

### Perspektiv 01/16

*Regjeringskonferansene: utenfor Stortingets rekkevidde?*

### Perspektiv 03/15

*Innføring av nye, kostbare legemidler og metoder – systemer i utvalgte land*

### Fagnotat 01/15

*Generell bevæpning i norsk politi – en sammenstilling av kunnskap*

## BROSJYRE PÅ TI SPRÅK

Brosjyren *Noregs nasjonalforsamling* kom på ukrainsk våren 2016. Frå før finst han på bokmål, nynorsk, nordsamisk, engelsk, spansk, fransk, tysk, polsk og russisk. Alle utgåvene kan lastast ned frå [www.stortinget.no](http://www.stortinget.no).



# Formidlings- og undervisningstilbod

Stortingsadministrasjonen skal bidra med aktuell kunnskapsformidling om folkestyre og verksemda i Stortinget, og tilbyr ulike publikumsarrangement, omvisingar og læringsspel gjennom heile året. I tråd med kommunikasjonsstrategien for Stortinget blir formidlingstilbodet retta inn etter prioriterte målgrupper. I sesjonen 2015–2016 tok Stortinget imot ca. 29 000 besøkjande fordelt på dei ulike tilboda.

## STORTINGET UNDERVISNING

Våren 2016 lanserte Stortinget nye undervisningssider på nett. Sidene er tilpassa ulike målgrupper og tydeleg strukturerte, slik at elevar og lærarar lett skal finne relevant innhald for det aktuelle klassetrinnet. Informasjonstekstane og undervisningsmateriellet er baserte på kompetansemåla i skulen og den lange erfaringa Stortinget har med formidling til besøkjande skuleklassar. Stortinget undervisning tek sikte på å minske avstanden mellom klasserommet og stortingsalen.

## VAKSNE MED MINORITETSBAKGRUNN

Vaksne med minoritetsbakgrunn er ei prioritert målgruppe for Stortingets kommunikasjonsarbeid. Administrasjonen har i 2016 lagt vekt på å tilpasse eksisterande omvisingstilbod til minoritetspråklege grupper. Hjelpemiddel og fysiske objekt er testa som språkstøtte i omvisingane, og det er gjennomført kompetansehevingstiltak for omvisarane.

## BARNESKULETRINNET

Barn og unge er ei anna målgruppe Stortinget prioriterer. Det er i den samanhengen laga to formidlingsøskjer med rettleiingshefte til bruk i omvisingar for barnetrinnet. Den eine er tilpassa 1.–4. trinn med Grunnlova som tema, medan den andre, som er tilpassa 5.–7. trinn, tek føre seg Stortinget sine oppgåver. I samarbeid med lærarar og elevar på mellomtrinnet vart det i 2015 utarbeidd eit omvisingstilbod basert på kompetansemåla for skulen.

## UNGDOMSSKULEN

«Valet er ditt» er eit interaktivt læringsspel for elevar i ungdomsskulen. Gjennom spelet får elevane ei lærerik innføring i politisk og demokratisk tankegang. Spelet går ut på å skape ei god framtid ved å prioritere mellom ulike politiske alternativ.

## UTPLASSERINGSELEVAR

Stortinget tok i sesjonen imot 35 utplasseringselevar frå ungdomsskulen. Dei hospiterte i 15 seksjonar i administrasjonen og i ulike partigrupper. Det er utarbeidd læringsmål for hospiteringa.

## VIDAREGÅANDE SKULE

Det veletablerte MiniTinget vart hausten 2015 mellombels erstatta av «Rett på sak» på grunn av støy frå rehabiliteringsprosjektet i Prinsens gate 26. MiniTinget opnar for drift att i januar 2017.

«Rett på sak» er, som MiniTinget, eit interaktivt læringsspel for elevar i vidaregåande skule, men blir gjennomført i den ærverdige lagtingssalen i sjølve stortingsbygningen. Spelet gjev eit praktisk innblikk i korleis dei folkevalde arbeider og set saker på dagsordenen. Elevane får diskutere aktuelle politiske saker og kan sjølv påverke utfallet.

Stortinget sin målsetnad med dei ulike læringsspela er å auke det demokratiske engasjementet og inspirere til politisk debatt og diskusjon. Fyrstegongsveljarar skal få ei grunnleggjande forståing for arbeidsordninga i Stortinget, maktfordelingsprinsippet og dei ulike påverknadskanalane. Dette samsvarar med sentrale læringsmål i læreplanen for samfunnsfag. Evalueringar viser at 90 prosent av elevane forstår Stortinget betre etter å ha vore på besøk.

## REISETILSKOT

Skuleklassar som skal besøke Stortingets læringsspel og har lang reiseveg, kan søkje om økonomisk støtte. For kalenderåra 2015 og 2016 løyvde Stortinget høvesvis 3,5 millionar og 5 millionar kroner til reisetilskot. I sesjonen 2015–2016 fekk 120 klassar reisetilskot.



### LÆRARKURS

To ganger i året arrangerer Stortinget kurs i stortingskunnskap for lærarar på ungdomstrinnet og i vidaregåande skule. Programmet går over tre dagar og er gratis. Grunnstammen i kurset er føredrag om Stortingets lovhandsaming, budsjetthandsaming og kontrollfunksjon. I tillegg blir det lagt vekt på innhald

som set Stortinget og det norske demokratiet inn i ein større kontekst. I 2015–2016 deltok om lag 120 lærarar frå heile landet, og dei fekk høyre blant andre utanriksminister Børge Brende, finansminister Siv Jensen, riksrevisor Per-Kristian Foss og tidlegare statsminister Kåre Willoch.



Engasjerte elevar frå Olav Duun vidaregåande skole i Nord-Trøndelag i lagtingsalen i gang med læringsspelet «Rett på sak».  
(Foto: Stortinget / Peter Mydske)



*I vandrehallen under Oslo Kulturnatt kunne ein gå virtuelt gjennom stortingsbygningen i Minecraft. (Foto: Stortinget / Peter Mydske)*

### OMVISINGAR

Stortinget tilbyr målgruppetilpassa omvisingar på norsk, engelsk og fransk gjennom heile året. Omvisingane gjev eit godt innblikk i korleis Stortinget fungerer, og i dei viktigaste oppgåvene. Det blir i tillegg lagt vekt på rolla Stortinget har i forhold til andre maktinstansar, og å forklare parlamentarismen i praksis. Publikum får også høyre om den historiske utviklinga av Stortinget og sjå dei viktigaste romma i stortingsbygningen.

### KUNSTVANDRINGAR

Stortinget har ei kunstsamling på om lag 800 verk. Høgdepunkt frå samlinga blir viste fram under både opne og førehandsbestilte kunstvandringar.

### OSLO KULTURNATT I STORTINGET

Miniføredrag om stortingsbygningens historie, arkitektur og kunstsamling var nytt av året då Stortinget inviterte publikum innanfor dørene fredag 16. september 2016. Dei viktigaste romma var opne for publikum, som kunne gå rundt og oppleve bygningen og utstillingane i sitt eige tempo. I vandrehallen var det eit yrande liv av born og vaksne som besøkte Stortinget i Minecraft, bygde miniatyrar av bygningen i Lego, teikna «Min stortingsbygning» og laga teikneseriar og løvemasker.

### OSLO ÅPNE HUS

Publikum fekk oppleve interiøret i Stortinget under Oslo Åpne Hus laurdag 24. september. Gjennom organiserte omvisingar fekk dei besøkjande eit innblikk i korleis bygningen har endra seg i takt med den politiske utviklinga i Noreg. Stortingsbygningen var eitt av fleire offentlege bygg som hadde opne dører under arrangementet.



*Skuleklasse på omvising i Eidsvollsgalleriet, stortingsbygningen. (Foto: Stortinget / Peter Mydske)*

# Byggje- og rehabiliteringsprosjekt i Stortinget



Eigedomsmassen skal gje Stortinget trygge og effektive rammer for det parlamentariske arbeidet. Vedlikehald og modernisering av bygningane inneber både små og store byggje- og rehabiliteringsprosjekt. Det største byggjeprosjektet Stortinget har i sesjonen 2015–2016, er på Wessels plass.


Etter ei større byggeteknisk utgreiing i 2011 vart det klart at både stortingsbygningen, Prinsens gate 26 og tilbygget mot Akersgata hadde behov for omfattande oppgradering og rehabilitering. I tillegg avdekte risikoanalysen etter 22. juli-terroren nye trygging-behov, som ein også måtte ta omsyn til. Stortinget starta byggje-arbeida sommaren 2014. Prosjektet på Wessels plass består av tre delprosjekt som heng saman og er avhengige av kvarandre.

## PRINSENS GATE 26

Etter eitt år med rivearbeid er dei gamle konstruksjonane i bygget fjerna, og det er teke ut fjell for ein ny underetasje. Arbeida har gått føre seg bak og under den 136 år gamle verneverdige fasaden, ein vel 1165 tonn tung teglfasade, som i byggjeperioden har stått på tynne stålpålar. Det er svært høg kompleksitet i arbeida som blir gjennomførte. Hausten 2016 starta ein å byggje opp att ein ny bygningskropp i fotavtrykket av den gamle. Betongarbeida skal halde fram til årsskiftet 2017/2018.



*Ny bygningskropp og ny underetasje: For å forsterke og stabilisere fasaden er stålrammer monterte på kvar side. Rammene er bolta saman og held den gamle teglfasaden i eit jerngrep. Konstruksjonen kviler på stålpålar. Dermed kunne den gamle grunnmuren rivast og berg og lausmassar under anlegget fjernast, medan fasaden står upåverka. (Foto: Stortinget / Gjermund Nordtug)*





Den første delen av post- og varemottaket, med fundamentet til ein tovegs trikketrasé, er bygd ferdig. No tek Oslo kommune Bymiljøetaten over for å leggje skjenegang og annan infrastruktur så trikken igjen kan gå over Wessels plass. (Foto: Stortinget / Gjermund Nordtug)

### POST- OG VAREMOTTAK PÅ WESSELS PASS

Gjennom vinteren og våren 2016 vart det etablert ei byggjegrøp for eit nytt post- og varemottak i nedre del av Wessels plass. Sommaren 2016 starta dei fyrste betongarbeida til varemottaket. Konstruksjonane for post- og varemottaket dannar fundamentet for ein ny trikketrasé over Wessels plass. Arbeidet med den første delen av post- og varemottaket skal stå klart til årsskiftet 2016/2017, og anlegget skal ferdigstillast i løpet av 2017.

### INNKØYRINGSTUNNEL TIL POST- OG VAREMOTTAK

Innkøyringa til post- og varemottaket skal gå via ein 250 meter lang tunnel under Nedre Vollgate, med inngang frå Rådhusgata. Hausten 2015 starta den førebuaende ryddinga av infrastruktur i grunnen i Rådhusgata og Nedre Vollgate. Boringa av ein røyrspunt langs ytterkanten av byggjegrøpa har halde på sidan januar 2016. Betongarbeida i den fyrste fasen av anlegget kom i gang sommaren 2016.

### ANDRE BYGGJE- OG REHABILITERINGSPROSJEKT

- Pendlarbustadene for stortingsrepresentantane i Parkvegen er totalrehabiliterte. Bygget er frå 1971, og bueiningane var umoderne, tronge og med ein generelt lågare standard enn dei andre pendlarleilegheitene. Dei rehabiliterte leilegheitene er vortne større, med moderne planløyser og overflater, i tillegg til nye tekniske løyser.
- Stortinget sin publikumsinngang mot Karl Johans gate er oppgradert for å ivareta arbeidsmiljø og tryggleik.
- Stortingskjøkkenet gjekk sommaren 2016 gjennom ei omfattande rehabilitering.



Modell av Prinsens gate 26. (Illustrasjon: LINK arkitektur AS)

### Prinsens gate 26

Byggjeår: 1881  
 Areal: 6375 kvm før totalombygging  
 Arkitekt: Henrik Nissen  
 Etasjar: 6  
 Kjøpt av Stortinget i 1972  
 Eigedomen er regulert til bevaring  
 Areal etter ombygging: 7700 kvm


### Post- og varemottak

Areal: 1100 kvm


### Innkøyringstunnel

Areal: 1900 kvm

# Stortingsadministrasjonen per september 2016



Utover dei 169 representantane har ei rekkje personar det daglege arbeidet sitt på Stortinget. Per 30. september 2016 utgjer Stortingsadministrasjonen 493 årsverk. I tillegg kjem dei som er tilsette av dei politiske partia og arbeider i partigruppene.



Den administrative leiaren for Stortinget er stortingsdirektøren, Ida Børresen. Her under ein presentasjon i lagtingssalen i september 2016. (Foto: Stortinget / Morten Brakestad)



© Stortingets administrasjon  
Kommunikasjonsavdelinga  
Oslo 2016

ISBN 978-82-8196-124-1  
Nynorsk

Omlagsbilete: Feiring av 150-årsjubileet  
for stortingsbygningen 9. mai 2016.  
(Foto: Stortinget / Morten Brakestad)

Layout og produksjon: 07 Media  
www.07.no



# Stortinget

## **Stortingets administrasjon**

Postboks 1700 Sentrum, 0026 Oslo

Telefon sentralbord: 23 31 30 50

E-post: [postmottak@stortinget.no](mailto:postmottak@stortinget.no)

[www.stortinget.no](http://www.stortinget.no)